



KR - Avdeling for samisk kirkeliv
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 15.05.2018

Vår ref: 18/02229-3

Dykkar ref:

Strategiplan for samisk kirkeliv 2019-2029 - Høringssvar frå Bjørgvin bispedøme

Bjørgvin bispedømeråd vedtok samrøystes i bispedømerådsmøte 15. mai 2018:

Bjørgvin biskop og bispedømeråd takkar for høve til å koma med kommentarar til Strategiplan for samisk kyrkjeliv.

Vi er positive til den forma det har fått; eit fyldig dokument der mål, bakgrunn og strategiar er stilt saman, men det ville gje meir oversikt om ein som ei oppsummering hadde samla dei sju strategiske måla med målformuleringar til slutt. Strategiplanen gjev fyldig informasjon om historie og teologi og er ein god kjelde til å få oversikt over samisk kyrkjeliv og utfordringar og strategiar. Det er og nyttig og ansvarsfremjande at ein etter kvart strategipunkt har synleggjort ansvarfordeling mellom samisk kyrkjeråd/kyrkjerådet, bispedømerådet og soknerådet.

Bjørgvin bispedøme har få samar og ingen kyrkjelydar som har fast samiske innslag, men samiske innslag vert bruka ved høve t.d. ved dåp i familie med samisk bakgrunn og det er faste samiske-norske gudstenester i Bergen domkirke menighet ein til to gonger i året avhengig av om ein får samisktalande liturg. Difor er vårt høringssvar konsentrert om det i strategien som vert opplevd mest aktuelt i Bjørgvin

4.1 Samisk språk og innhald i kyrkje- og gudstenesteliv

Her gjev planen ei god oppstilling over ulike eksempel på samiske gudstenester og ulike nivå i bruk av samisk språk og innhald i gudstenesta som vi kjenner oss igjen i sjølv om det er lite samisk kyrkjeliv i vårt bispedøme.

4.2 Samisk innhald i trusopplæringa

Det er viktig at det er tilgjengeleg trusopplæringsmateriell på nettet i norsk-samisk utgåve som kan brukast av kyrkjelydar som sporadisk kjem i kontakt med born med samisk bakgrunn og at materialet kan brukast av trusopplærarar/kyrkjelydspedagogar som ikkje kan samisk.

Vi vil difor foreslå ei lita endring (understreka) i Mål 4.1 G:

«Samiske barn og unge har trusopplæring på samisk i noen menigheter i samiske områder. I andre menigheter er samisk og norsk-samisk materiell fra ressursbanken, som osko.no i bruk i trosopplæringa.»

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
KR - Avdeling for samisk kirkeliv

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO